



BOLSJJEVIK

LEIRAVIS FOR NKS-LEIREN PÅ TRONDØYA 1975

Nr. 4 - onsdag 13. august

FRAM FOR FYSISK FOSTRING!

Å holde seg i form er av største politiske betydning for kommunister, det er slett ikke en privatsak. Derfor har idrettsaktiviteter og fysisk fostring fått en bred plass på leiren. Til dagens terreng- og rebusløp er det viktig å merke seg følgende praktiske saker:

Brigadene møter ved kontorbrakka til følgende tider: (MØT PRECIS!):

Internasjonale Brigade	09.45
Hammerfestkommunen	10.00
Lenin-brigaden	10.15
Stalingrad-brigaden	10.30
Våler-brigaden	10.45
Ho Chi Minh - brigaden	11.00

Den som har tollekniv - ta den med. Papir og blyant bør alle ha. Still med gode sko og lette klær. Det blir barnevakter ved tidkrevende poster.

Det er ingen skan å bli svett!

Dagsprogram:

08.00: Opp. Husk morragymmen og badet!

09.45 og utover: Terrengløp

15.00: Middag

20.30: Filmen "Våg å kjempe, våg å vinne" i storteltet.

BOKHANDELEN HAR APNA

Bokhandelen held til i brakke 24, rom nr. 5. Han er open kvar dag i pausen frå 14-15. Elles vil vi prøve å selgje ein del materiale i samband med leirplenumsmøte.

Utvalet er omlag 100 titlar frå emneområda: Den internasjonale stoda, krig og fred, frigjeringsrørslene, Sovjet og sosialimperialismen, revisjonismen og dei borgarlege arbeidarpartia. "venstre" opportunismen, valg og parlamentarisme, arbeidarklassen sin kamp, Vidare har vi dei marxistiske klassikarene.

I samband med dei store politiske diskusjonane både på leiren og etterpå er det nok desse bøkene som peikar seg ut som dei viktigaste:

For det første den Politisk plattform for Rødt Valallianse. Det er eit dokument av stor politisk tyding, på mange vis ei vidareutvikling av det politiske programmet til AKP slik du finn det i partiboka frå 1973 - let tek opp statsmonopolkapitalismen og dei borgarlege arbeidarpartia på prinsipiell måte, vidare spørsmålet om supermaktene og faren for verdskrig. Heilt naudsynt for revolusjonære. Har du det ikkje, kjøp det no.

For det andre Sosialimperialismen i Sovjet idag frå AKP, som både inneheld den kommunistiske rørsle sitt prinsipp-syn på Sovjet og gjev ein svar og grundig dokumentasjon av korleis den sovjetiske kapitalismen og imperialismen verkar på ulike omkverva.

For det tredje Lenins Imperialismen og sosialismens splitt-ring (hefte frå svensk Oktober). Her held Lenin oppgjer med dei borgarlege arbeidarpartia, her gjev han ein teoritisk analysa av dei særigne ved slikt parti. Artikkelen er frå 1916.

For det tredje Lenins Den proletariske revolusjonen og renegaten Kautsky, som nett er komen ut på Oktober. Viktig i kampen mot den moderne revisjonismen.

For det femte eit hefte som heiter On the dictatorship of the proletariat, som er eit kinesisk utval frå kva Marx, Engels og Lenin har uttala om kvifor det proletariske diktaturet er naudsynt for byggjinga av sosialismen. I Kina vert dette no nytta i den store kampanja for å styrkje: proletardiktaturet.

For det sjette: Håle Holmbergs Fredlig kontrarevolusjon, del II. Sær mykje bra dokumentasjon som ikkje har vore samla før, endå betre enn bind I.

Helsing frå leirbokhandlaran.